

Framlegg til vedtak:

Vedtekter for Bjørnafjorden ungdomsråd

### §1 Mål

Bjørnafjorden ungdomsråd skal fremja ungdommen sine interesser og tala deira sak i Bjørnafjorden kommune.

### §2 Rolle

Ungdomsrådet skal ha rett til å:

- uttala seg i alle saker som gjeld ungdom
- ta opp saker på eige initiativ
- rå over eit eige budsjett til drift av rådet og fordeling på ungdomstiltak

### §3 Representasjon

Ungdomsrådet i Bjørnafjorden skal ha 9 medlemmer og vera i alderen 13-19 år. Du kan ikkje velgast inn etter du har fylt 19 år.

Ungdomsskular og vidaregåande skular ved elevråda og ungdomsorganisasjonar, vert inviterte til å koma med forslag til kandidatar til ei valliste.

Det må minst vera ei jente og ein gut frå kvar skule på vallista, med personleg vara av same kjønn. Det er ønskjeleg at alle ungdomsskular og vidaregåande skular i kommunen er representerte i ungdomsrådet. Ungdomsorganisasjonar vert bedne om å fremja forslag til faste medlemmer med personleg vararepresentantar.

Ungdom som går på skule i Bjørnafjorden, men som er folkeregistrert buande i ein annan kommune kan stilla til val i ungdomsrådet.

### §4 Val

Valperioden for ungdomsrådet sine representantar er inntil 2 år. Kommunestyret vel ungdomsrådet utifrå ei liste med kandidatar frå skulane. Elevråda får i oppgåve å organisera rekruttering av kandidatar i ein open og demokratisk prosess på skulane.

Det skal velgast leiar og nestleiar på konstituerande møte i ungdomsrådet kvar haust. Funksjonstida er 1 år. Ungdomsrådet kan velga å ha andre verv og roller fordelt i styret.

### §5 Møta

Medlemene i ungdomsrådet har møteplikt og må møta med mindre dei har gyldig forfall. Minst halvparten av medlemene må møta dersom ungdomsrådet skal fatta vedtak.

Møteleiar har «dobbeltstemme» dersom det er like mange stemmer ved avstemming i ei sak.

Ordførar har møte-, tale- og forslagsrett i ungdomsrådet.

### §6 Rutiner for involvering

Kommunen skal etablere rutiner som sikrer at ungdomsrådet mottar sakene på eit så tidleg tidspunkt i sakshandsaminga at ein uttale kan påverka utfallet av ei sak. Ungdomsrådet skal representere og uttale seg på vegner av alle ungdomar i kommunen. Ungdomsrådet må difor leggja til rette for aktiv medverknad og innspel frå ulike grupper av ungdom.

#### §7 Økonomi

Ungdomsrådet får godtgjersle i samsvar med vedteke kommunalt regulativ og etter dei same reglar som andre folkevalde.

Ungdomsrådet disponerer eit eige budsjett fastsett i årsbudsjettet til Bjørnafjorden kommune. Tilskotsmidlane skal stimulere til kultur, fritid og utviklingstiltak retta mot ungdom.

#### §8 Sekretariat og koordinering

Bjørnafjorden kommune pliktar å stilla til rådvelde nødvendig administrativ hjelp til å førebu og gjennomføre møta. Bjørnafjorden kommune skal peike ut ein koordinator som har som oppgåve å følgja opp ungdomsrådet gjennom arbeidsåret.

#### §9 Plan og rapport

Ungdomsrådet skal innan utgangen av kvart år behandla og vedta sin eigen handlingsplan som går vidare til kommunestyret for orientering.

Ungdomsrådet skal innan 1. mars kvart år laga ein rapport der aktiviteten i det føregående året blir evaluert opp mot eigen handlingsplan.

#### §10 Vedtektsendringar

Vedtektsendringar skal gjerast av kommunestyret.